

# Dialogmøte 28.mai 2015

## Program

08.30	<p><b>Velkomen v/ordførar og rådmann</b> <b>Å dra lasset saman – å vera stolt over eigen arbeidsplass og eigen kommune</b></p> <p><u>Del a) Verdisettet ROMSLEG</u> – som ramme og verktøy for kulturbygging og samhandlingskompetanse.</p> <p><u>Del b) «Godt samspel»</u> På forrige dialogmøte 19.06.14 vart det nedsett ei arbeidsgruppe og ordførar og rådmann har gitt dei mandat. Vedlagt følgjer tilbakemelding frå arbeidsgruppa. I dokumentet er det òg skissert korleis vi i dette møtet vil ta arbeidsgruppa sitt innspel vidare. Vi ber alle deltakarar lesa grundig vedlagde dokument, slik at vi alle er godt førebudde til ei effektiv og god arbeidsøkt.</p>
12.00	Lunsj
12.45	<p><u>«Fusa møter Lunungu»</u> Fusa ungdomsskule har hatt eit prosjekt gåande i ca 10 år som heiter «Fusa møter Lunungu». Prosjektet starta med at elevane samla inn kr 43.000 og fekk bygd ein ny skule i landsbyen Lunungu i Zambia med plass til 300 elevar. På denne skulen går elvane dei første 7 av 12 års skulegang. Etter 7.klasse må ein reisa til næraste by for å fullføra skulegangen, noko som kostar mellom kr 2.500 -3.000 per elev for kvart skuleår i 2006.</p> <p>Kommunestyret har hatt ansvaret for at 2 elevar kvart år for begynna i 8.klasse og støttar dei til dei er ferdige med 12. klasse, til saman 8 elevar kvart år.</p> <p>Også dei tilsette ved Fusa ungdomsskule har støtta prosjektet og har bl.a. lønna 4 lærarassistentar ved skulen ein periode.</p> <p>Ungdomskulen har forplikta seg til å støtta prosjektet i 10 år og ein må no vurdere om ein skal forsetja.</p> <p><u>Rektor Ragnar Hauge og Ole Kristian Rosvold (tidlegare elev som var med å starta prosjektet og har vore på besøk i landsbyen) går i gjennom prosjektet fram til no og vegen vidare.</u></p>
13.45	<p><u>Orientering - skulestruktursaka.</u> I møte 05.03.15 gjorde kommunestyret m.a. følgjande vedtak: «Kommunestyret ber rådmannen om å starta arbeidet med ny skulestruktur no. Framdriftsplanen er slik at framlegg til høyringsnotat kjem i Kommunestyret sitt møte i juni 2015. Vedtak om ny skulestruktur vert gjort i Kommunestyre sitt møte i november evt desember 2015.</p> <p>Ny skulestruktur skal så langt det er praktisk mogeleg settast i verk 1 august 2016.”</p> <p>Agenda Kaupang har, etter oppdrag frå rådmannen, oppdatert rapporten som vart utarbeida i 2014: «Identifikasjon av områder innenfor oppvekst hvor kommunen kan gjøre besparelser».</p> <p><u>Agenda Kaupang v/Finn Arthur Forstrøm går gjennom den oppdaterte rapporten : «Skolestrukturen i Fusa».</u></p> <p>Rådmannen si saksutgreiing byggjer på dette faktagrunnlaget. <b>(Sakene til utvalsmøterunden - og den oppdaterte rapporten skal vera kommunestyret i hende før dialogmøtet.)</b></p>
15.20	Avslutning.